

## ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR AGDER HISTORIELAG

### LAURDAG 2. APRIL 2011

**Stad:** Revsnes Hotell, Byglandsfjord, kl.11.00-15.40.

**Til stades:** 44 frammøtte, inkludert føredragshaldar, musikar, skrivar, styre og valnemndrepresentantar.

**Innleiing:** Styreleiar Beint Foss ynskte velkommen.

Finn Isaksen heldt føredrag om namn og stadnamn, med lov om stadnamn som bakgrunn. Isaksen er stadnamnansvarleg for Statens Kartverk og syrgde for grundig innføring med praktiske døme på ulike namn og skrivemåtar. Statens Stadnamnregister er den viktigaste staden å byrje når ein skal registrere namn. Han engasjerte årsmøtelyden og fekk velfortente blomar etter føredraget. Klokka 12.20 var det middag, og 13.20 var det musikalsk innslag ved Gard Nergaard. Så tok årsmøtet til kl. 13.40.

#### Sak 1 VAL AV MØTELEIAR

Kristian Sundtoft vart vald til møteleiar.

#### Sak 2 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Innkallinga og saklista vart godkjend, og utsendingslista vart kontrollert og ajourført, og synte 41 røysteføre (føredragshaldar, skrivar og musikar er utan røysterett).

#### Sak 3 VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN

Jan Arild Andersen (Stokken Historielag) og Liv Grostøl (Eiken Sogelag) vart valde til å skrive under protokollen.

#### Sak 4 GODKJENNING AV ÅRSMELDING

Det var ingen merknader til årsmeldinga. Årsmeldinga vart samråystes godkjend.

#### Sak 5 GODKJENNING AV REKNESKAPEN

Rekneskapen viste 79.990 kroner i overskot i 2010. Rekneskapen var revidert og funne i orden, jamfør revisjonsmeldinga som var lagt fram under møtet. Rekneskapen vart samråystes godkjend.

#### Sak 6 ENDRING AV ORGANISASJONSFORM

Det må vere ein feil som gjer at Agder Historielag står registrert som BA i staden for friviljug organisasjon hjå Brønnøysundregisteret. Einaste måten å få endra dette på, er ved årsmøtevedtak. Årsmøtet gjekk difor samråystes inn for å endre laget frå BA til friviljug organisasjon.

#### Sak 7 ENDRING AV MEDLEMSMODELL

Eilert Skjævestad la fram styret si innstilling og framlegg til årsmøtet på denne medlemsmodellen (som var sendt ut i brev til alle medlemene ein månad føre):

- Agder Historielag avviklar direktemedlemskapen.
- Berre historielag kan vere medlemer og delta på årsmøtet.
- Dei som er direkte medlemer går over til å vere abonnementar (på årboka og EGDE).

Årsmøta bør vere reine årsmøte – og gjerne eksklusive slike. Lokallaga betaler same kontingent som før til Agder Historielag. Kvart lokallag skal få minst 5 EGDE.

Denne saka vart drøfta grundig – og enda med at 34 røysta for, 6 imot og 1 blank.

Årsmøtet vedtok med andre ord denne nye medlemsmodellen med eit klårt 2/3 fleirtal.

#### Sak 8 ENDRING AV VEDTEKTER

Framlegg til nye vedtekter var sendt ut ein månad i forkant. Gjeldande vedtekter var prenta i EGDE som kom ut for nokre dagar sidan. Både nye og gamle vedtekter låg føre på årsmøtet, og vart gjennomgått. Endringane galdt paragraf 4 og 5.

Nokre av årsmøtedeltakarane uttrykte skepsis over at direktemedlemene var utelete frå vedtekten, og Torgrim Nordgarden gav skriftleg framlegg om tillegg til §4 i dei nye vedtekten: "Tidlegare direkte medlemer, heretter kalla abonnementar, skal ha medlemsbladet, årboka og tilbod på arrangement i fylkeslagets regi." Tre røysta for dette framlegget, så det fall.

Dei nye vedtekten vart samråystes vedteke slik dei var sendt ut, med følgjande endringar: nemninga varafolk vart byta ut med varamedlemer, og ordet ovanfor vart byta ut med overfor.

#### Sak 9 INNOMNE SAKER

Det var ei innkomen sak til årsmøtet frå Olav Holen:

"Eg tykkjer det er ille at det ikkje finst fungerande sogelag i Setesdal. I Bykle har det aldri vori sogelag, i Valle og Bygland tykkjест arbeidet liggje nede. Eg trur ikkje det er mogeleg å ha eitt sogelag i kvar kommune, til det er det for få som er interesserte. Eg trur det er på tide å tenkje nytt. Kva om ein skipa Setesdal Historielag som omfatta Bykle, Valle og Bygland? Då trur eg det kunne vorti ein organisasjon som kunne fungere."

Styret si innstilling til årsmøtet er at styret jobbar med å få til eit Setesdal Sogelag i løpet av 2011. Årsmøtet slutta seg til denne innstillinga.

## Sak 10 BUDSJETT

Årsmøtet gjekk samråystes inn for det framlagde budsjettet som vart lagt fram på møtet.

## Sak 11 VAL

I valnemnda sat Ellinor Lundberg (Arendal), Kjell Ove Sætren (Mandal), Bernt Gautestad (Evje) og Kari Mestad (Torridal). Noko alternativt framlegg kom ikkje fram, og valnemnda sitt framlegg vart samråystes vedteke. Straks før årsmøtet var heva, takka leiaren for tilliten og delte ut blomar til avtroppende styremedlem Hallvard Tveit Berg og møteleiar Kristian Sundtoft.

Beint Foss nyttet høvet til å orientere om Landslaget for Lokalhistorie heilt til slutt, og Olav Arne Kleveland informerte om turen turnemnda planlegg til hausten. Og dermed nyttet leiaren høvet til å gje han blomar for det framifrå arbeidet i turnemnda.

Styret i Agder Historielag:

### AUST-AGDER

Styremedlem  
Nyvald for 2 år  
Varamedlem  
Nyvald for 2 år

**AUST-AGDER**

Styremedlem  
Nyvald for 2 år  
Varamedlem  
Nyvald for 2 år  
Styremedlem  
Ikkje på val, 1 år att  
Varamedlem  
Ikkje på val, 1 år att  
Styremedlem  
Attvald for 2 år  
Varamedlem  
Nyvald for 2 år

### DIREKTE MEDL.

Kristian Sundtoft  
V.Moland+Lill.historielag  
Anders Auen Grimnes  
V.Moland+Lill.historielag

**LOKALLAGSMEDL.**

Birgit Attestog  
Setesdal  
John Seldal  
Øyestad Historielag  
Gunnar Torsteinsen  
Tromøy Historielag  
Sveinung Lien  
Tvedstrand Historielag  
Eilert Skjævestad  
Tromøy Historielag  
Knut Engelskjøn  
Austre Moland Historielag

### VEST-AGDER

Styremedlem  
Attvald for 2 år  
Varamedlem  
**VEST-AGDER**

Attvald for 2 år  
Varamedlem  
Attvald for 2 år  
Styremedlem  
Ikkje på val, 1 år att  
Varamedlem  
Ikkje på val, 1 år att  
Styremedlem  
Ikkje på val, 1 år att  
Varamedlem  
Ikkje på val, 1 år att

### DIREKTE MEDL.

Beint Foss  
Tveit Historielag  
Helge Wiig  
Holum Historielag

**LOKALLAGSMEDL.**

Inge Augland  
Torridal Historielag  
Bjug Åkre  
direktemedlem  
Ragnhild S. Larsen  
Flekkefjord Historielag  
Kari Bruli  
Kvinesdal Historieag  
Liv Kirsten Rølland  
Tveit Historielag  
Gerd Lillian Olsen  
Søgne Historielag

**Leiar:** Beint Foss frå Tveit, attvald for 1 år

**Nestleiar:** Eilert Skjævestad , attvald for 1 år

**Revisjon/ettersyn av rekneskap:** Fylkesrevisjonen i Vest-Agder

**Valnemnda:** Bernt Gautestad (attvald for 2 år), Ellinor Lundberg (ikkje på val, 1 år att), Kari Mestad (Torridal Hist.lag, ikkje på val, 1 år att), Kjell Ove Sætren (attvald for 2 år)

**Landsmøteutsendingar:** Gunnar Thorstensen og Johnny Haugen

Jan Arild Andersen      Liv Grostøl

Referent: Borghild Løver